

**Fra:** kultur@hfk.no

**Sendt:** 25.04.2015 13:32:37

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** søknad om kustnarstipend. saksnr. 2015/2149

**Vedlegg:**

Sokjar: Bettina Hvivedvold Hystad

Adresse: Båststøvegen 4

epost: bettina28@email.com

Andre\_kunstformer:

Foedselsaar: 1985

Skattekommune: Stord kommune

Orgnr\_eller\_personnr: 913017935

Postnr\_Stad: 5411 Stord

CV: Bettina Hvivedvold Hystad

Medlem av UKS og NBK

2011-2013 MA, Art in the Public Realm, University College of Art, Craft and Design-Stockholm/Sverige

2008 Environmental Art, Glasgow School of Art /Skottland

2006-2009 BA, Kunstakademiet, Kunst- og designhøgskulen i Bergen/Norge

2004-2006 Kunstskulen i Rogaland, Stavanger/Norge

CV 2014-2015 (sjå vedlegg)

Solo Utstillingar

2015 "TBA" Oseana/Hvelvet, Os/Norway

2014 "Värmlands Filmfestival Palladium bio, Arvika/Sverige

Gruppe utstillingar

2014-15 "Artotek Värmland" Kronoparkens Bibliotek, Karlstad/Sverige

2014 "Konstfrämjande" Konstfrämjande i Värmland, Karlstad/Sverige

2014 "Hvem eier historien?  
Makt, kunst og demokrati" Stavanger Kunstmuseum, Stavanger/Norge

2014 "Borealis" Litteraturhuset, Bergen Offentlige Bibliotek og Apollon, Bergen/Norge

2014 "Vestlandsutstillingen"

Performancer

2015 "Amaterasu Japan Tour"

Oktobe, ca 12 konserter. Japan

2015 "Mount Buzhou China Tour"  
Oktobe, 8-10 konserter. Kina

2015 "Mount Buzhou"  
RAM Galleri, Oslo/Norway

2015 "Mount Buzhou"  
Sandgrund, Karlstad/Sweden

2015 "Mount Buzhou"  
Innan luften går ur, Dragsjöberg/Sweden

2015 "Mount Buzhou"  
Magasin 4, Brussel/Belgia

2014 "Mount Buzhou"  
Pizdets, Oslo/Norway

2014 "Mount Buzhou Europe Tour"  
7 konserter i Tyskland og Danmark

2014 "Damo Suzuki Network"  
Liseberg, Jazz är farlig, Göteborg/Sverige

2014 "Mount Buzhou"  
++, Black Box Teater, Oslo/Norge

2014 "Mount Buzhou"  
Landet, Stockholm/Sverige

Eige\_verksemrd: Mitt namn er Bettina Hv. Hystad og er ein kunstnar som har utdanninga mi frå KHiB, Glasgow School of Arts og Konstfack. Eg er fødd og oppvaksen på Stord og har det siste året hatt mitt virke her i samband med eit vikariat på kunst og handverk avdelinga på HSH. I min kunstnarlege praksis har eg sidan 2010 arbeida utelukkande i kunstnar-duoen Lerin/Hystad, saman med den svenske kunstnaren og musikaren Simon Torsell Lerin.

Forskningsområdet mitt er kjeldebruk og historiefortelling, og verka mine er manifestert i form av tekst, lyd-landskap og foto- og video-collage. Verka er presentert som audiovisuelle performance og installasjoner, samt utgivingar på CD/vinyl og bøker.

Gjennom å utforska eksperimentell kunst og musikk og ved å bruka eksisterande presentasjonsformer innan dette feltet, som CD/vinyl og performance, undersøkjar eg metodar for å skapa og fortelja historiar. Verka mine stiller spørsmål ved omgrep som improvisasjon/ekstemporet, skildringar og kjeldebruk. Feltopptak som vert manipulerer og sampla er utgangspunkt både i lyd-, video- og foto collagane. Under performancane våre spelar eg ein modul-synth, som bl.a. omfattar ein noisecillator, som er eit instrument eg har fått spesialbygd av den norske lydkunstnaren Øyvind Mellbye. Dette er ein kontakt-mikrofon som reagerer på rørsle, og som er kopla til fleire pedalar. Dette gjer at eg kan manipulere lyden i rommet. Eg har også ein data med samplingar, som eg set i gang under performancane. Lerin spelar gitar og har eit større pedalbord. Lerin/Hystad driv plateselskapet innspelingsstudioet Extemporaneous Recordings.

Eg har dei siste åra opparbeida ein kunstnarisk praksis der eg er aktive i utstillingar, utgivingar og performancar i både inn- og utland. Dei siste 5 åra har eg fokusert undersøkingane mine rundt den eksperimentelle musikk- og kunstscena i Japan. Dette inneber t.d. to kunstnaropphald (Kyoto Art Center/ Haisyakkei Art Center), samt ein turne med 7 audio-visuelle performerar i Japan. Dei siste 3 åra har eg også utforska og blitt ein del av den eksperimentelle musikk- og kunstscena i Europa. I 2014 var eg bl.a. på ein turne med 7 performerar av verket Mount Buzhou i Tyskland og Danmark. Sidan praksisen min er tverrfagleg, finn eg det interessant å undersøke og arbeide både innan kunst- og musikkmiljø, og presentere verka i begge desse foruma.

Planar\_for\_stipendet: Eg søker med dette om Hordaland kommune sitt kunstnarstipend til utgifter under performance turner i Kina og Japan, samt ein utstilling på Oseana hausten 2015.

01-12 oktober skal eg på ein turne med 12 performancar av verket Amaterasu i Japan. Verket tar sitt namn frå Sol gudinna i den japanske mytologien. Etter att Amaterasu sin bror Susanoo øydela all hennar rismark blei ho så sint att ho gjemde seg i ei grotte i ly for verda si vondskap og verda mista sitt lys. For å få henne ut arrangerte gudane ein fest utanfor grotta. Gudinna Usume fekk ein ide, ho ba gudane setje eit stort speil ved inngangen til hula og så byrja ho sjølv å danse ein energisk og obskøn dans til tromme rytmar, alle gudane byrja å le ukontrollert. Amaterasu høyrdé denne latteren og blei så nysgjerrig att ho kikka ut av hula. Der var ho møtt av sitt eige spegelbilde og vart så be tatt att ho ikkje oppdaga att dei andre gudane flytta ein stor stein foran inngangen til grotta slik att ho ikkje kunne gå inn igjen. Lydverket er basert på felt-opptak eg har gjort ved tidligare opphold i Japan. Dette er lyd frå den kollektive trafikken, spele-hallar og gater, som er sampla og blanda med instrument som bl.a. elgitar, synthesizer, saksofonar, trommemaskiner og noisecillator. Resultatet er eit energisk lyd-landskap med element frå jazz og elektronisk musikk som deretter er blanda med Japan sitt gateliv.

Denne turneen gir meg muligheter til å returnere til Japan og framføre verket i dei steder som eg har samla inn materialet. Dette skaper ein konfrontasjon mellom min personlige skildring av staden og den reel staden som er skildra. Amaterasu vart ut gitt på vinyl og CD av Extemporaneous Recordings med støtte frå NBK.

Etter turnen i Japan flyr eg direkte til Kina der eg skal på ein turne med mellom 8-10 performancer av verket Mount Buzhou, turnen er arrangert Miro China. Dette er eit bookingselskap med base i Zürich og Beijing. Dei siste 15 åra har dei hatt ei ledande rolle i promotering av kulturelle utveksling prosjekt mellom Europa og Kina. Dei har opparbeida seg eit stort nettverk og har erfaringar av å arrangere turner med utanlandske band i Kina. Turnen vil bestå av omtrent 8-10 konserter i byer som Beijing, Chongqing, Chengdu, Kunming og Shanghai. Miro China vil promotere turneen og konsertane gjennom internett og sitt kontaktnett i Kina. Miro China har et stort nettverk og gjennom denne turnen vil eg få muligheter til å spille konserter på den eksperimentelle scena i Kina sine storbyer og skape nye kontakter.

I den gamle kinesiske mytologien vert Mount Buzhou sett på som fjellet som løfter opp himmelen. I 2010 reiste eg til Chongqing og Kunming sørvest i Kina og samla inn material. Mount Buzhou er ein audiovisuell performance, som blandar tradisjonell kinesisk musikk med mørke ambient landskap, tung drone, post-rock og elektronisk musikk. Eit videocollage med lag på lag av filmklipp, skapar ei drøymane og psykedelisk reiseskildring, og vert nytta som bakteppe for musikken. Ei taxireise gjennom gatene i Chonqing går stadig inn og ut av fokus, og den går over i kaleidoskop-liknande motiv som i sakte tempo rører seg over skjermen. Mount Buzhou er ut gitt på vinyl og CD av Extemporaneous Recordings med støtte frå NBK og Fond for lyd og bilde (kulturrådet).

7 november opnar eg ei seperat utstilling på Hvelvet i Osceana Kunst og Kultursenter, der skal eg stille ut verka Mount Buzhou og Amaterasu. Det vil være to lyttestasjonar med head-set der dei to lydverka blir spilt. På veggane vil eg montere dei to foto-collage seriane (24 bilde), bilda er montert på aluminium og er 50 x 50 cm. Foto-collagane blander ulike motiv eg fanga under mine reiser, og samansett på nytt skaper desse nye motiver og fortel nye historier. I serien Mount Buzhou fokusere eg på dei kaotiske gatebilda eg opplevde i Kina, noko som medfører at collagane grensar til det absurde og surrealistiske. I serien Amaterasu fokuserer eg på den arkitektoniske oppbygginga av den japanske naturen, collagane skaper nye naturmotiver der geometriske former er nytta for å understreke de kontrollerte former som oppstår.

Presentasjon\_dokumentasjon: [www.bettinahystad.com](http://www.bettinahystad.com)

<http://www.extemporaneousrecordings.com/>

<https://soundcloud.com/tags/lerin%20hystad>

<https://www.youtube.com/channel/UC8P-hr4Wp9FG9ALF-Yxiqsg>

<https://vimeo.com/user32041580>

Andre\_opplysningar:

Kunstgrein: Visuell kunst